

* Tilskotsreglar



Krøll: Helge Øverås driv med sauer i nytt fjøs på sin eigen gard i Vestnes kommune i Møre og Romsdal, men er òg ein av tre aktive i ei stor mjølke- og storfesamdrift. Sjølv meiner han de ikkje kan komplisasjonar med momsregistreringa.

Samdriftsbønder risik

Samdriftsbønder fortvilur over reglar-
endringar som gjer at dei kan miste tilskot
til anna dyrehald. Bondelaget seier
reglane har blitt unødvendig kompliserte.

VESTNES. – Alt vi har gjort er å
prøve å drive effektivt og utnytte
ressursane, men nå blir det fram-
stilt som om vi har gjort noko
ulovleg. Dei som har laga reglane
kan umogleg kjenne kvardagen
vår. Det er som om vi lever i kvar
våre univers, seier Helge Øverås
og sukker.

Øverås er ein av tre aktive i ei
mjølkesamdrift i Vestnes i Møre
og Romsdal. Samdrifta leverer
rundt 400.000 liter mjølk i året,
fôrar fram 70 oksar for slakt i året

og har storfe fordelt på dei tre fjø-
sa til deltakarane.

Risikerer tap

Øverås driv i tillegg med sauer
som ein separat produksjon på
sin eigen gard. Sauehuset er ny-
leg utvida for over to millionar
kroner og kan gi plass til opp mot
130 vinterfôra sauer. Samla gir det
nok inntekt til å vere bonde på
heiltid, men fleire regelendringar
bidreg til at Øverås og andre sam-
driftsdeltakarar risikerer å tape



opp mot 100.000 kroner i bortfall
av tilskot og momsrefusjon.

Eit av kriteria for å sjekke om
det føreligg driftsfellesskap mel-
lom to jordbruksføretak, noko
som kan gi avkorting i tilskota,
var før om det låg føre felles eigar-
interesser i føretaka. Det hadde
samdriftene eit unntak for. Nå er
unntaket fjerna. Regjeringa har
òg i større grad opna for at aksje-
selskap kan eige driftsselskap i
jordbruket. Det gjer det vanske-
leg å bruke felles eigarinteresser
som eit kontrollkriterium.

Fylkesmannen i Nord-Trøn-
delag var i haust blant fagfolka
som åtvara mot at endringane
ville skape kontrolltrøbbel.
Landbruks- og matminister
Sylvi Listhaug (Frp) har nå i
kjølvatnet av endringane varsla
intensivert kontroll med om re-
glane for driftsfellesskap blir
følgd. Samtidig gav ho tilbod om

amnesti med løfter om at bønder
ikkje skal få tilskotstrekk tilba-
ke i tid om dei melder ifrå før 1.
mars.

Føler seg forspøkt skvisa ut

Øverås, som i dag får tilskot for
saudrifta som separat produk-
sjon, er i tvil om drifta hans kan
falle inn under reglane om drifts-



REGELVERK

«Listhaug har valt ein
byråkratisk og krevjande
modell der ein må inn
i kvart tilfelle og bruke
skjønn kvar grensa går.»

PER SKORGE
GENERALSEKRETÆR I BONDELAGET



definerast som eit driftsfellesskap, men skulle styremaktene kome til ein annan konklusjon risikerer han store trekk i tilskota og

FOTO: ØYVIND ØVERÅS

ererer tilskotssmell

fellesskap. I tilfelle risikerer han at sauedrifta blir definert som ein del av samdrifta, noko som kan gi kraftig nedgang i tilskot og tap av momsrefusjon.

– Eg er svært usikker. Mykje er lagt opp til bruk av skjønn, men eg føler ikkje eg har gjort noko feil og heile næringa blir jo nærast mistenkeleggjort. Eg har kome fram til at det er rettast å ikkje krysse av for driftsfellesskap. Det er heilt unaturleg å definere saue- nene som eit driftsfellesskap med mjølkesamdrifta, seier Øverås.

Han meiner det må vere bra for samfunnet at ressursane blir godt utnytta. Han viser òg til at han driv tråd med det som lenge har vore politisk onnska. Sauene beiter ute store delar av året på øya Tautra, som har ein eigen verneplan og er definert som eit viktig landskapsområde

i Romsdalsfjorden. Endringane kjem på toppen av at dei tre i samdrifta, etter ei anna regelendring, ikkje lenger får avløysartilskot om dei brukar kvarandre som avløysar. Dermed må dei leige inn ekstern avløysar for å få utbetalt tilskot.

– Det er nesten som om vi blir forsøkt skvisa ut og at det ikkje skal vere råd å drive kombinasjonsdrift lenger, seier Øverås.

– Valt byråkratisk modell

Bondelaget har blitt kontakta av mange frustrerte bønder om reglane. Generalsekretær Per Skorge seier det er ein glidande overgang og ei vurderingssak om drifta blir definert som eit driftsfellesskap eller ikkje. Han oppmodar bønder som er i tvil om å ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen eller stats-

forvaltinga. Skorge er kritisk til modellen som er valt.

– Listhaug har valt ein byråkratisk og krevjande modell der ein må inn i kvart tilfelle og vurdere skjønsmessig kvar grensa går. Vi vil ha ein annan modell der kvart dyreslag blir vurdert for seg som eigen produksjon og tilskotsgruppe. Det ville løyst mange av problema, seier Skorge, som seier det ville opna for at bønder som er med i til dømes ei mjølkesamdrift kunne hatt sauer eller griser som ein eigen fråskilt produksjon på heimegarden utan avkorting i tilskot.

– I dag kan du det om du driv med til dømes grønsaker i tillegg til deltaking i ei mjølkesamdrift, men ikkje om du har andre husdyrproduksjonar med driftsfellesskap, seier han.

Ifølge Skorge kan konsekvensen for bønder lett bli tap i 100.000-kronersklassen om drifta deira blir definert som eit driftsfellesskap av styresmak- tene. For dei fleste handlar det om tap av avløysartilskot på inn- til 73.500 kroner. Dermed blir konsekvensen ifølge Skorge lett at bonden anten legg ned drifta eller må lage kunstige og lite praktiske skilje i drifta. Skorge seier det som blir framstilt som ei forenkling blir oppfatta som ei forvanskning.

– Det er ikkje tvil om at bøndene opplever det som kompliserende og frustrerende. Ministeren blei åtvåra mot det på førehand, seier han.

BJARNE BEIKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

Fakta

Tilskotsreglar og driftsfellesskap

• Fleire av tilskota til bønder er strukturdif- ferensierte for å «avhjelpe antatte skalaulempen og høgere kostnad per produsert enhet hos mindre foretak», heiter det.

• Blir samarbeidet mellom to driftseiningar stort nok til at det blir definert som eit driftsfellesskap, vil einingane få utbetalt tilskot som om dei var ei eining. Det betyr i praksis risiko for avkorting i tilskota som går til blant anna avløyning og pr husdyr.

• Før var felles eigarinteresser mellom føretaka eit av kriteria ein såg på for å vurdere om det føreligg eit driftsfellesskap. Det var unntak for samdrifter, men det er nå fjerna. Opninga for AS-eigde jordbruksføretak, som blei vedtatt før jul, forvanska å ha felles eigarinteresser som eit kriterium.

• I kjølvatnet av endringane er det varsla meir kontrollar av om reglane blir følgt og bønder har fått amnesti til 1. mars om å melde frå om dei er i eit driftsfellesskap.

– Må sjølv vurdere om dei driv saman

Verken Landbruksdirektoratet eller Landbruksdepartementet vil kommentere om drifta til Helge Øverås kan bli definert som eit driftsfellesskap. – Det må bonden vurdere, svarer departementet.

Nationen bad styresmak- tene vurdere om drifta til Øverås kan bli definert som eit driftsfellesskap, noko som vil gi store trekk i tilskota.



Seksjonssjef Hanne Maren Nils-Einar Eli- Blåfjelldal (Frp) assen i Landbruksdirektoratets svarar at dei ikkje kan uttale seg om enkeltsaker.

– Driftsfellesskap foreligger når «foretakene reelt sett inngår i én felles virksomhet eller på annen måte oppnår skalfordeler gjennom samarbeid og søker tilskudd til samme produksjon». Praksis viser at forhold som rammes av driftsfellesskapsbestemmelsen kan være ulike, skriv han i ein epost.

Han viser til at det kan vere tilfelle der samarbeidet mellom føretak er i ein slik grad at skalaulempene tilskotssatsane skal avhjelpe i stor grad er reduserte. Blir drifta definert som eit driftsfellesskap blir tilskota til føretaka målt ut etter det samla dyretalet og arealet som blir disponert innanfor driftsfellesskapen.

Nationen bad om kommentar frå Landbruks- og matdepartementet til at bønder føler seg kriminaliserte og opplever at reglane ikkje står seg mot deira kvardag der dei lenge har blitt oppfordra til å nytte ressursane og drive mest mogleg rasjonelt. Det har departementet ikkje svart på.

Departementet kommenterer heller ikkje at endringane blir opplevd som kompliserende og dei vil ikkje gå inn i vurderinga av enkelt- tilfelle.

«Selvstendige foretak kan alltid søke separate tilskudd, men de må drives klart atskilt. Reglene gjelder likt for alle, også samdrifter og samdriftsdeltakere. Bonden har selv ansvar for å gjøre en vurdering av om han/hun er del av et driftsfellesskap, og kan få veiledning av forvaltningen om regelverket», skriv statssekretær Hanne Maren Blåfjelldal (Frp) i ein e-post.

Ho skriv at det kan vere fristande for store føretak å «late som de er flere små» for å få utbetalt meir tilskot.

«Vi kjenner til at enkelte har tilpasset seg på denne måten. Det er ulovlig, og det er lite lojalt overfor det store flertallet som følger reglene», skriv ho og viser til at det er innført amnesti fram til 1. mars slik at føretak som driv i driftsfellesskap, men ikkje har søkt samla før, kan få rydde opp.